

Samarbeidsavtale mellom Bømlo kommune og Bømlo idrettsråd

1. Idrettsrådet sin formelle status i forhold til kommunen

1.1 Idrettsrådet er eit samordningsorgan for idretten i Bømlo kommune, valt av og blant idrettslaga i kommunen. Idrettsrådet er eit organ for den frivillige idrettsbevegelsen knytt til Norges idrettsforbund og olympiske komité, og skal arbeida i tråd med gjeldande lovar og reglar i idrettstinget.

1.2 Idrettsrådet fungerer som eit rådgjevande organ i forhold til kommunale saker som vedkjem idretten i kommunen.

1.3 Idrettsrådet skal sjå heilskapen i idrettslivet i kommunen og informera kommunen om sine synspunkt.

1.4 Rådgjevar for kultur- og idrett skal informera Idrettsrådet om saker som vedkjem idretten.

1.5 Ved utbygging og rehabilitering av idrettsanlegg blir Idrettsrådet teken med på råd.

2. Faste årlege rutinar for kommunen og Idrettsrådet

2.1 Idrettsrådet skal informerast om søknader om anlegg/nybygg frå idrettslaga og kan takast med på råd om korleis ein skal gjera prioriteringar av ulike type anlegg som innspel til kommunen sin handlingsplan for idrettsanlegga.

2.2 Idrettsrådet fordeler sjølv dei kommunale midlane til sine medlemmer. Rådgjevar for kultur- og idrett står for sjølve utbetalinga.

2.3 Idrettsrådet skal ha uttalerett ved tildeling av spelemidlar. Kommunen sender sine forslag i prioritert rekkefølge til Idrettsrådet, ilag med grunngjeving. Idrettsrådet kjem med innspel og eventuelle endringar.

3. Samarbeid mellom rådgjevar for kultur og idrett og Idrettsrådet

3.1 Rådgjevar for kultur og idrett har ståande invitasjon til idrettsrådet sine møter, og deltek på minst 2 av desse i løpet av eitt år. Idrettsrådet skal haldast orientert når saker av interesse for idretten i Bømlo blir handsama i råd og utval.

4. Samarbeid mellom politisk leiing og Idrettsrådet

4.1 Minst 1 gong pr. år skal Idrettsrådet, ordførar, utvalsleiar for oppvekst, kultur og idrett møtast, for å drøfta tilhøva for idretten. Til slike møter kan også ein representant for Hordaland idrettskrets bli invitert.

5. Endringar

5.1 Begge partar, Bømlo kommune og Bømlo idrettsråd, kan sei opp samarbeidsavtalen skriftleg, med tre månadars varsel.

Bømlo 29.01.2015



Bømlo kommune
Ordførar

Bømlo kommune
Rådmann

Bømlo idrettsråd